



Det er framleis ledige plassar for dei mellom 9 og 13 år som vil vera med på leirdagane på ungdomslagshytta Fjelly ved Mannsvatnet 4. og 5. august. Det opplyser Odd Steinar Arnesen til uskedalen.no Påmeldingsfristen er utsett til 15. juli

Odd Steinar lovar eit spennande program som startar med turen til fjells 4. august klokka 9 og sluttar med heimkomst dagen etter klokka 16.

Fjellklatring, tur og fisking er 3 av postane og om kvelden blir det ulike konkurransar og leikar. Randi og Odd Steinar tek imot innmeldingar på telefonane 41288090 og 90722766

På biletet er nokon ute på rotur under eit tidlegare opphald på Fjelly, som er ei triveleg og tradisjonsrik hytte,